



## Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Tore Bergundhaugen - <tomt>

Vår referanse:  
2015/101011-006

Dykkar referanse:  
Vår dato:  
21.09.2015

### Klagesak, søknad om reklameskilt - Fv. 57 i Fjaler kommune

Statens vegvesen Region vest har handsama klage på vedtak om reklame frå Partiet Dei Kristne Fjaler v/Magnar Hellesøy. Me har vurdert saka opp mot vegloven §33 og vurderingskriteria gitt i handbok 323 «Reklame og trafikkfare».

Sjølv om bodskapet i på plakaten det søkjast om er av politisk art vil det likefult kunne reknast som «reklameskilt eller liknande innretning» jf. veglova §33 1 ledd, og oppsett av slik reklame retta mot vegtrafikken vil være løyvepliktig.

Dei to vegstrekninga som reklamen er ynskt satt opp på ligg utanfor tettbygd strok og har fartsgrense 80 km/t. Handbok 323 slår fast at me på slike strekningar enten har avgrensa rom for løyvepliktig reklame, eller ikkje rom for løyvepliktig reklame i det heile. Omsynet til kva konsekvensar ein eventuell distraksjon av trafikantane kan få skal vektleggjast i slike høve.

Strekninga langs Fv. 57 før og etter Dale i Fjaler er ikkje spesielt utsett for alvorlege trafikkulukker, men den har litt høgare ulukkesfrekvens enn det me kan forventa på slike strekningar. Trafikkvolumet (ÅDT) ligg på om lag 1100 køyretøy i døgeret, vegstandarden er varierande over heile strekninga med vegbredde mellom 4,5 og 6,5 meter.

Begge dei to stadane som søker ynskjer å sette opp reklamen ved har særtrekk som kan være krevjande for trafikantane. Det første punktet sør for Flekke ligg like ved eit relativt komplisert kryssområde med eit firearma kryss, og fleire nærliggande avkørysler. Det andre punktet ved Dalsfjorden ligg på ein smal og kurverik strekning der trafikanten bør fokusera på kva retning vegen går vidare, og om det kjem møtande trafikk. Vegbilder frå begge punkta er lagt ved.

Statens vegvesen Region vest ynskjer difor å oppretthalde avslaget på søknaden om oppsetjing av reklame, og sender saka vidare til Sogn og Fjordane fylkeskommune for endeleg handsaming.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger


Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
  
9815 Vadsø<sup>9</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

Vedlegg 1 – søknad  
Vedlegg 2 – avslag på søknad  
Vedlegg 3 – anke på avslag  
Vedlegg 4 – bilde av plakat, vedlegg til anke  
Vedlegg 5 – oversending av klage  
Vedlegg 6 – oversynskart  
Vedlegg 7 – vegbilder

Veg- og transportavdelinga  
Med helsing



Hanne Hermanrud  
avdelingsdirektør

Tore Bergundhaugen

7 vedlegg